

Fantastiske forhold til fjells

20.02.2011



Utsikt utover Hauglandsfjellet mot fjorden.

No er det tid for uteaktivitetar.  
Sola skin frå skyfri himmel og gradestokken  
som om morgonen startar langt under null,  
kryp sakte og behageleg oppover.



Bare kvite liar mot Muslandsfjellet og Gråfjell

Idag er Dagen - tenkte eg. Starta med å bera skia eit lite stykke oppover Skogsvegen på Haugland. Men rett forbi fyrste svingen var det snø, og skia kunne takast på. Med skifeller går det leikande lett oppover. Midt oppe i

vegen kom det ein kjelke i god fart nedover. Eg høyrde frydfulle skrik og hjarteleg barnelatter frå ei mor som saman med ein unge kom nedover på kjelke. Tenk kor kjekt dei hadde det! Skogsvegen er fint brøytt og det er knallgode forhold for aking og kjelekøyring. Mange burde teke barna sine med og prøvt denne positive forma for leik. Finn eg ein kjelke, vil eg prøva allerede i kveld.

Vidare oppover tok eg skogsvegen som dei kallar Muslandsvegen. Denne er ikkje bratt og går langt innover mot Musland. Kjempeforhold - heilt åleine, bare spor etter hare, rev, mus og rype. Der vegen enda, tok eg oppover lia - ganske bratt. Men så var eg oppe. Innover Muslandsfjellet og vidare mot Gråfjell - bare kvite snødekte liar og vidder. Utover mot Hauglandsfjellet det samme. Vindstille og fin temperatur.

Eg køyrdet ned igjen samme veg eg var komen opp. Fyrst over opne liar og så nedmellom vindskeive fjellbjørker, over igjensnødde bekkar og til sist inn på skogsvegen.

For meg er slike dagar store. Få lov å oppleva naturen så nær og så god er fantastisk.

Naturen er for alle - ta turen no før vinteren er over!

Tekst og foto: Kjell Yri